



Møre og Romsdal fylke



Volda vidaregåande skule
Utdanningsprogram for ST/MD/MK/SA

**Til deg som er ny elev ved Volda vgs
skuleåret 2009/2010**

KORT ORIENTERING OM SKULEN

SKULEBYGG

Skulen ligg i skuleområdet på Engeset. Undervisninga går føre seg i fem bygningar: øvre bygget, nedre bygget, Voldahallen, symjehallen og den tidlegare vaktmeisterbustaden. Skulen har heilt ny realfagsavdeling, heis, nytt inngangsparti mot vest og nord, kantinekjøkken, rådgjevarkontor, vrimeleareal og nye arbeidsplassar for lærarane og administrasjonen. Det er framleis stor byggeaktivitet på skulen, og det som blir gjort noko med i år er biblioteket og klasseromsfløya. Vi ber difor elevane våre om å vise omsyn og å vere merksame på at ikkje alle område på skulen vil vere tilgjengelege til alle tider.

KLASSETAL

Skulen skal skuleåret 2009/2010 ha 10 klassar i utdanningsprogram for Studiespesialisering, 3 klassar i Musikk, 3 klassar Medium og kommunikasjon, 1 klasse Påbygging til generell studiekompetanse, 2 klassar Service og samferdsel og 1 Tilrettelagt klasse. Dette blir til saman i underkant av 500 elevar.

SKULEDAGEN

Skuledagen er frå kl. 08:10 til kl. 15:00. Musikklinja har noko instrumentopplæring på ettermiddagstid. Timeplanen er lagt over fem dagar med 8 timar à 40/45 min, men i gjennomsnitt har dei fleste elevane 6 timar kvar dag. Det kan såleis bli studietimar innimellom. Timeplanen er for det meste lagt med dobbelttimar. Måndag og torsdag har dei fleste elevane studietime mellom 11:50 og 12:30. Elevane har minst 1 møte pr. veke med kontaktlæraren sin.

KONTAKTLÆRAR

Alle elevane får tildelt ein kontaktlærer. Det er denne læraren eleven skal halde nærast kontakt med, spesielt når det gjeld sjukdom/fråvær og anna informasjon. Kontaktlæraren skal ha faste møte med si basisgruppe.

RÅDGJEVING

Skulen har 2 rådgjevarar med faste møtetider. Sjå oppslag ved skulestart. Det er også mogleg å oppsøkje helsesøster og PPT-kontakt, dei er tilgjengeleg på skulen ein dag pr. veke. Når det gjeld fagval, er også leiinga tilgjengeleg.

STATENS LÅNEKASSE

Elevar kan søkje lån og stipend i Statens lånekasse. For å søkje må du ha anten ha takka ja til skuleplassen på www.vigo.no og kan bruke vigo-sidene til å logge deg inn, eller du kan søkje direkte på www.lanekassen.no, men då må du bruke MinID-kodane du har fått tilsendt frå

Postadresse/	Besøksadresse:	Telefon:	Telefaks:	E-post:	Web:
	Vevendelvegen 35 6100 Volda	70059300	70059350	volda.vgs@mrfylke.no	www.volda.vgs.no

Skatteetaten. Sjå også www.lanekassen.no for meir detaljinformasjon. Rådgjevarane orienterer også meir like etter skulestart.

KONTORET

Skulekontoret er ope mellom 07:45 og 15:15, og du finn det i administrasjonsfløya på øvre bygget. Skuleleiinga har også kontora sine i denne fløya.

BIBLIOTEK

Skulen har eit godt bibliotek, med både aviser, tidsskrift, skjønnlitteratur og faglitteratur. Det er innført nytt lånesystem med eit lånekort som etter kvart kan brukast på alle bibliotek i heile landet. Dette året er biblioteket på flyttefot, men vi skal likevel prøve å gi eit godt tilbud. Det er på biblioteket du får låne skulebøkene du treng.

KANTINE

Skulekantina er svært godt besøkt og har eit godt tilbud av brødmatt, varmrettar, frukt, salat, drikke m.m. Kantinekjøkkenet blir utvida i år, og skal vere klart til skulestart.

REINHOLD/VAKTMEISTERTENESTE

Skulen blir vedlikehalden av 5 reinhaldarar og 2 vaktmeistrar. Dei arbeider på dagtid, og er ein viktig del av miljøet på skulen. Vi forventar også at elevane gjer sitt beste for å skape eit godt fysisk miljø med god orden og reinsemd.

REGLEMENT

Som alle vidaregåande skular har vi eit reglement, der elevane sine rettar og plikter og nødvendige reglar for orden i skulesamfunnet er nedskrivne. Dette blir utlevert ved skulestart, og ligg på heimesidene til skulen.

RØYKING/SNUS/RUS

Skulen og skuleområdet skal vere røyk-, snus- og rusfritt.

LÆREBØKER/LÆREMIDDEL (PC)

I den vidaregåande skulen er det er innført ulike stipendordningar, også til innkjøp av PC. Vi reknar med at alle elevane våre brukar PC som læremiddel (sjå også eige skriv). Alle elevar får låne lærebøker på biblioteket på skulen. Sjå heimesidene våre, oppdatert informasjon blir lagt ut der.

SAMARBEID/LÆRING

Arbeidet i skulen er basert på eit nært samarbeid mellom elevar og lærarar. Eleven spelar hovudrolla og har hovudansvaret for si eiga læring og utvikling, - med læraren som undervisar, rettleiar og hjelpar.

Vel møtt til eit nytt skuleår.

Margaret Alme
rektor